



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev februar 2022

Våren er like om hjørna og det kjennes godt. Det som er langt frå godt er situasjonen ute i verda og ikkje minst for folket i Ukraina. Tankane mine går til dei, og særskilt barna som må oppleva dette på nært hald. Eg vil aldri gløyma den vesle grinande jenta på nyheitene, som sa med ei trist stemme: « Eg vil ikkje døy, eg vil ikkje døy.»

Lions Norge Katastrofefond bevilga sist laurdag kr 300.000 til dei som er ramma av krigen i Ukraina. Beløpet blir kanalisert gjennom det internasjonale hjelpefondet vårt LCIF. Dei vil koordinera hjelpeinnsatsen i nettverket vårt av Lionsklubbar i nabolanda.

Distriktet vårt har god kontakt med LC Marijampole i Litauen. Dei fortel at det er kome eit titalts ukrainske flyktingar til byen og at dei reknar med mange fleire om ikkje krigen stoppar. I denne omgang donerer dei pengar slik som me også gjer.

Lions Norge oppfordrar klubbar og medlemmer som ønskjer å bidra, om å betala inn til:

Lions Norge katastrofefond: Vipps 617792 eller bankkonto 9001.23.04381.

Medlemssituasjonen i Distrikt 104C og Lions Norge

I skrivande stund er me 1596 medlemmer i 104C. I mars 2020 var me 1767 medlemmer. Det vil sei at me har mista 171 medlemmer på to år. Medlemstalet går ned i heile landet. Lions Norge har siste to åra mista 1200 medlemmer. Skal me i framtida ha eit Lions Norge må alle ta eit tak no.

Denne trenden må me snu og som medlemmer har me alle eit ansvar her. Med færre medlemmer blir det tyngre og meir utfordrande å utføra aktivitetane våre. Ikkje minst der me er « hands on». Det at me blir færre medlemmer er også ei økonomisk utfordring for både klubbar, Distrikt og Lions Norge. Kontingentinntektene er me heilt avhengig av for å kunna driva organisasjonen vår på beste måte. Me veit vél at å auka kontingenten er lite populært.

Dei aller fleste synest det er vanskeleg å verva nye medlemmer. No får me endeleg eit verktøy som skal hjelpe oss med det, og som me har tru på. Global Membership Approach, forkorta GMA. For dei som vil veta meir om dette programmet kan de følgja denne lenka.

<https://www.lionsclubs.org/en/global>. Ta gjerne kontakt med medlemsansvarleg **GMT i Distriktet, Jarle Rognstad**, for hjelp og råd til verving. jarle.rognstad@gmail.com

Distriktet

Distriktsmøtet 2022 er planlagt gjennomført 23.april på Quality Hotel Edvard Grieg. Set av heile helga allereie no. Invitasjon og påmelding vil bli sendt ut ein av dei første dagane. Det blir eit innhaldsrikt program og det skal bli kjekt å kunna møtast som i «gode gamle dagar». Hotellet ligg på Sandsli, ikkje langt frå Flesland.

Distriktsmøtepapira blir sendt ut rundt 20.mars.



Soneleiar i sone 10, Jarl Sie

Noko av det kjekkaste med å vera Distriktsguvernør er å bli invitert på sone – og klubb-besøk. I går (måndag) var eg så heldig å bli invitert til sone 10 i lag med GMT/VDG1 Jarle Rognstad og NAC Mathias Vikse. Me møtte ei engasjert sone og det er så fint å kunna få tydelege tilbakemeldingar frå klubbane på denne måten.



President Stig Starheim LC Førde og flotte medlemmer i bakgrunnen

1.og 2. februar var eg i sone 1 på klubb-besøk i LC Førde og i LC Sogndal. Langt å reisa men verdt kvar kilometer når eg får møta alle desse engasjerte flotte medlemmene og høyra meir om klubbaktivitetar og planar.



Kjekt møte med LC Sogndal. President og soneleiar i sone 1, Marit Munthe

Neste styre- og rådsmøte i Distriktet er 11.-13. mars i Haugesund.

Me treng enno assisterande soneleiarar 2022-2023 i nokre sonar. Ta kontakt med soneleiaren i din sone om du kan tenkja deg dette vervet. Det er både lærerikt og kjekt. Opplæring vil bli gitt.

Lions sentralt



Det er bedre å bygge barn, enn å reparere voksne!!
Støtt LIONS tulipanaksjon!

Lions Tulipanaksjon den 30. april 2022.

Fristen for å bestilla tulipanar er i dag, 1. mars.

Det er nokre klubbar som ikkje har bestilt tulipanar enno. Ber om at de « hiv dykk rundt» og bestiller. Får de ikkje det til på Gnist, må de senda ein e-post til post@lions.no og bestilla der. Det me må hugsa på er at inntektene til tulipanfondet er avgjerande for aktiviteten til "Det er mitt valg" som no treng større inntekter for å kunna halda alle dei kursa som ein ønskjer. De veit at:

"Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne".

Ta kontakt med **NAC i Distriktet, Mathias Vikse**, mathias.vikse@gmail.com dersom det skulle vera spørsmål rundt tulipanaksjonen.

Sist helg var det Guvernørrådsmøte i Lions Norge.

Mange saker vart behandla og viktige slutningar vart gjort. Vil oppfordra alle medlemmer til å gå inn på Gnist og lesa både sakspapir og protokollar frå guvernørrådsmøta. Slik kan alle bli betre kjent med Lions Norge. (Gnist- Intranet- Lions Norge – Møtereferater- Møter)

Lion Mints



Lions Norge har, som de veit, bestemt seg for å avvikla salet av Lion Mints. Derfor blir restlageret tilbudt klubbane for kr 490 pr kartong inkl. frakt. Dette er kjempebillig. Under kr 1 pr. rull. Klubben kan selja minten og få kjærkomne kroner i aktivitetskassen eller bruka den

som "giveaway" på stand. **Ta kontakt på mint@lions.no for bestilling. «Løp og kjøp»**

Lions Røde Fjær (LRF) - kva skjer vidare

LIONS
RØDE
FJÆR



Aksjonshelga var 11.-13. februar. Tusen takk til alle klubbane, medlemmene og andre som deltok og for alle kronene som vart samla inn. Mange har stått på og gjort ein kjempeinnsats, men som alle veit så er me lagt frå å nå målet på 50 millionar kroner. Distriktet vårt har eit mål på 9,3 millionar. Til no har me oppnådd vel 2 millionar kroner. Det er langt fram til me har nådd målet. Eg er gjort kjent med at det er donasjonar frå klubbar som ikkje har kome inn på konto enno og derfor ikkje med på lista over innbetalingar. Resultatet vil nok endra seg litt då, men ikkje nok. Her er resultatet hittil:

<https://www.lrf.no/informasjon/nyheter/vis/?T=Innsamlingsresultater%20Lions%20R%C3%BDe%20Fj%C3%A6r&ID=28325&af=59>

Det som er bra, er at LRF-aksjonen held fram ut året. Bøsseaksjonen / Vipps-aksjonen er ut mars månad. Dei klubbane som av ulike årsaker ikkje kunne delta i februar har enno høve til å delta med innsamling. Alle klubbar som ikkje har reservert seg for å delta på LRF - aksjonen pliktar å følgja opp riksmøtevedtaket og bidra slik at me kan nå målet. Frå og med 1. april kan klubbane igjen donera til aksjonen. Gjerne med kjøp av løvepote

<https://www.lrf.no/poteveggen/> eller ein kan få næringslivet til å bidra.


Ta gjerne kontakt med RLF – kontakten vår Jan Egil Friestad egfriest@kleppnett.no eller underteikna om de treng hjelp for å koma i gang. Eg håpar og trur på at når mars er over, så har me ingen 0-klubbar i Distrikt 104C. På <https://www.lrf.no/> finn de også mykje nyttig informasjon.

Riksmøte 27.-29. mai 2022

Set av denne helga og bli med på eit Riksmøte slik som det var før pandemien. Det er no på tide å treffa igjen gode Lionsvenner frå heile landet. Dette blir kjekt.

Riksmøtet blir på Quality Airport Hotell, Gardermoen.

Vil til slutt minna om « **Huskelista** ». Har din klubb betalt inn til den? Saman får me til så mykje meir. **Det er mange som treng oss, både her heime og ikkje minst ute i verda.**



Beste Lionshelsing frå

Gunnhild Rein Almås

Distriktsguvernør 104C 2021-202

Telefon 90 79 67 47

c.dg@lions.no